

Storfjord landbrukstenester SA er eit avløysarlag/bemannings-selskap eigd av om lag 200 bønder i 10 kommunar på Sunnmøre. Laget sitt hovudføremål er å skaffe avløysarar til bonden, i samband med sjukdom, ferie og andre oppdrag. Ein formidlar også arbeidskraft til andre næringar .

I 2016 var omsetninga vel 21 mill kr. Talet på fast tilsette var 25 og det vart utført i alt 54 årsverk. Kontoret er lokalisert i Valldal.

DAGLEG LEIAR

Vår daglege leiar ynskjer å pensjonere seg og vi søker etter hans etterfølgjar.

Vi søker deg som:

- Har god kjennskap til og kunnskap om landbruksnæringa i distriktet.
- Har evne til å skape tillit både hos næringa og tilsette.
- Arbeider sjølvstendig og strukturert.
- Har god kjennskap til løn og rekneskapsarbeid og har generell IT-kompetanse.
- Er utadvent og har lett for å kome i kontakt med folk.

Arbeidsoppgåver:

- Generell drift/administrasjon av bedrifta.
- Formidling av arbeidskraft inklusiv beredskapsordning for landbruksvikarar.
- Løn og rekneskapsarbeid

Vi tilbyr:

- Eit spanande og variert arbeid i samarbeid med gode medarbeidarar og hyggelege oppdragsgjevarar.
- Løn etter nærare avtale og kvalifikasjonar.

Nærare opplysingar om stillinga får du hos dagleg leiar Lars Muribø tlf. 913 41 384 eller styreleiar Inge Røyrhus tlf. 415 50 992.

Søknad vedlagt CV og referanser til:

lars.muribo@n-lt.no, eller

Storfjord Landbrukstenester SA,

postboks 132, 6211

Valldal **innan 20.1.2018**

